



Jubileumsposten

Jubileumsboka vart populær



Desember 2008

Nummer 7

Jubileumsboka vart godt motteke da ho vart presentert med brask og bram på ein pressekonferanse i Ungdomshuset dagen før lagets sin jubileumsdag.



Britt og Svein presenterer boka på pressekonferansen i Ungdomshuset.

På 100-årsdagen den 2. oktober starta salget med servering av kaffe og pærekake på Hals, og det vart selt heile 75 bøker første dagen!

Det er Svein Talgø, Britt Mossing og Borghild Talgø som har vore redaktørar, med god hjelp av gjesteskribentar. Boka er på 128 sider, og ho er rikt illustrert med bilete frå heile 100-årsepoken.

Det er utruleg mykje idretts- og bygdehistorie, og mange gode forteljingar som her er samla mellom permene, seier jubileumssjef Kari Kvendset. Ho legg til at dette må vera den perfekte julegåve både til "innfødde" - og utflytta todalingar i år.



Kari og Borghild i gang med boksalg på ICA Todalen.

Boka kan du kjøpe på ICA Todalen, eller hos Kari Kvendset. Den kostar kr 250, med porto i tillegg ved sending i posten. Bestilling på e-post karikve@svorka.net eller telefon 928 44 842.



Elevane laga ein fin plakat til lagets 100-årsdag. Den heng i Kaffe-kroken.

Jubileumsrevy og romjuls marsj



Revygjengen er i rute!

Revygjengen rapporterer at dei er i rute med programmet til julerevyen.

JP's utsendte masa seg til ein lynvisitt i "skrivarstova", etter lang argumentering om behov for eit bilde av den kreative skrivargjengen. Dei var ikkje så snakkesalige om det som skal skje 3.-dagskvelden, men dei røpa at arbeidstittelen for revykvelden var "Todalen i 100", så revyen blir nok prega av at dette er det siste arrangementet for jubileumssjef Kari Kvendset slår strek for det store jubileumsåret. I tillegg vil nok revyen få litt preg frå heile 100-årsepoken. Skrivargjengen er består av Rune Moe, Nils Ove Bruset,

Lars Sæther og har med Jon Bjarne Husby som seniorkonsulent og sensor. Dei fortalte at dei har mange gode tema å jobbe med, og at dei nok skulle "ta'n helt ut" denne gongen. Dei er no kome så langt at det er klart for å starte valg av aktørar, så snart er nok øvingane i gang. Dei lovar både god mat og god underhaldning til dei som møter i Todalen ungdomshus 3. juledag.



Det vert 2 framføringar av revyen. I år startar dei med ei tidleg framføring på ettermiddagen (kl 15), der dei inviterer todalingar som har "levd ei stund". Seinare på kvelden (kl 20) vil det bli "full pakke" på den ordinære framføringa!

Billettsalget startar på ICA Todalen 15. desember.

Vi kjem att med meir info på nettet og med flygeblad, men sett av 3. juledag!

Det er mykje godt revystoff i år, seier Rune Moe, Jon Husby, Lars Sæther og Nils Ove Bruset frå "skrivarstova".

Romjuls marsjen går 3. juledag

Romjuls marsjen skal freiste oss ut for å få litt mosjon i jula.

Dette er eit populært tiltak og Trimgruppa oppfordrar alle til å ta turen rundt bygda.

Todalsquiz og maskerade på vegen rundt, og sjølvsagt gløgg og medalje til alle.

Start mellom kl 11 og 14 i år grunna ekstreforestillinga.



Frå fjorårets romjuls marsj. Pause og servering av gløgg ved Brusetstabburet.



Jubileumsfesta 25. oktober

Vi har feira T.I.L.'s sitt jubileum gjennom heile året, men sjølv bursdagslaget var laurdag 25. oktober i Todalen ungdomshus. Her var nærare hundre gjestar på plass da jubileumssjef og festledar Kari Kvendset ønsket gjestane velkomne til bursdagslag. Kjøkkensjefane Jon Olav Roaldset og Knut Halset hadde laga ei gigantisk og velsmakande færikålgrøte med råstoff frå årets lam frå Todalsfjella, noko dei hausta mange lovord for.

Vidare utover kvelden var det både allsong, dikt og solosong av Narve Talgø og sjølvsgatt mykje triveleg prat rundt borda. Ole Magne Ansnes, tidlegare Drivaredaktør som no er kultursjef i Sunndal, framførte ein fin prolog som han hadde skreva til jubilaranten.

Ledar i Todalen I.L. Terje Talgø og jubileumssjef Kari Kvendset viste gjennom ein lysbildeSerie kva som hadde foregått av idretts- og kulturarrangement gjennom jubileumsåret så langt. Det har vore stor deltaking på alle arrangementa som har vore gjennom året, med ein gedigen topp på "slektsstemnet". Elles var det sjølvsgatt tid for helsingar og gaver både frå Surnadal kommune, sponsorane, idrettskretsen,



Narve Talgø hadde både Halse og Hyldbakk på programmet. Her saman med Lars Peder Sylte som var med på gitar.



Ordfører Mons Otnes var der.

idrettsrådet, idrettslaga i nabobygdene og frå lag og organisasjonar i Todalen, før festlyden runda av bordhaldet med Todallsongen. Etterpå vart det dans til svingande tonar frå Safari som



Ungdomshuset var fullsett under jubileumsfeiringa.



Ole Magne Ansnes med prolog.

stilte med 7-manns orkester, der også to todalingar er med. Det er Gudmund Husby på piano og Svein Håvard Saksen på slagverk. Festa fortsette i den gode stemninga heilt ut i dei små



Gratulasjon frå nabo I.L. Sjøya

timane, og vart ei verdig markering av hundreårsdagen.



....og heder for lang og tru teneste.



Ordfører Mons Otnes gratulerte dei 4 veteranane som har vore aktive i idrett- og lagsarbeid gjennom fleire generasjonar. Frå venstre Johan Kvendset, Kåre Brusset og Alf Søyset. Framfor sit Alf Ramsøy.

Jubileumssjefen nytta også høvet til å hedre nokre av medlemmane som har betydd mykje for laget gjennom eit langt liv.

Dei har vore aktive i laget på kvar sin måte, både som idrettsutøvarar og ikkje minst i alt dugnadsarbeidet som har vore utført opp gjennom åra. Alf Søyset har rukke å vera med på dugnadsarbeid i heile tre generasjonar med klubbhus i lagets regi.

Johan er aktiv idrettsutøvar enno, og han røpa under festa at han er påmeldt til Vasa-

loppet og Birken i 2009 også! Alf Søyset, Kåre Brusset, Johan Kvendset og Alf Ramsøy fekk kvar si jubileumsbok som ein symbolsk heder.

Kari nytta også høvet til å takke alle som hadde vore med og gjort ein innsats i jubileumsåret.

Nærast alle todalingar har delteke i dette arbeidet, kvar på sin måte, og til saman er det utført mellom 15 - 17000 dugnadstimar i jubileumsåret, som kan rundast av i løpet av romjula.

Ledaren



Bygdemobilisering

Av Guro Redalen



Historia er viktig

Jubileumsboka som bokredaksjonen har arbeidd med sidan september 2007 er eit viktig historisk materiale for bygda og for bygdefolket. Det er samla inn og systematisert ein enorm mengde med bilete og historisk stoff frå det som har skjedd gjennom 100 års lagsdrift. Dette er ting som du og eg, og våre forfedre har vore med på og som har påverka historia til bygda og

bygdefolket.

Det er ikkje berre fotball, skirenn og idrettsstemne vi formidlar historia om. Det er også historia om bygdelivet og det sosiale samværet som laget har bidrege til.

Denne historia har kvar enkelt av oss ansvar for å bringa vidare til våre etterkomarar og til komande slekter, slik at også dei veit kva som ligg bak og som har gjeve oss så solide røter.

Difor meiner eg at jubileumsboka bør finnast i alle heimane til oss todalingar, både i Todalen og hos todalingar utafor bygda.

Kjøp boka og døm sjølv!

Terje Talgø

Hjortfesta 2008

Laurdag 22. november var det Kvennset jaktlag sin tur til å arrangere hjortfest.

Dei slo på stortromma og inviterte bygdefolket til hjortsteik på menyen og framføring av Hjortmyrballetten som bidrag til underhaldning.

Med over hundre gjestar til bords var det ingen spøk å vera vertskap, men sjefskokk Asgeir Longva hadde full kontroll og det var både nok mat og god mat.

I to underhaldningsbolkar fekk vi både ballett, samt at Lars Sæther framførte Rotmviser saman med Endre Talgø på trekkspel. For Endre var det første gongen at han opptredde i Ungdoms-

huset, men vi får nok både sjå og høyre meir til han etter kvart.

Elles var nok høgdepunktet denne kvelden utdelinga av "Den Gyldne Patron". Det er ein hederspris som blir tildelt ein todaling som har gjort seg fortent til litt ekstra honnør. Jon fekk prisen for at "han har vore kulturformidlar nr 1 gjennom generasjonar". Ein velfortent heder, som Jon sette pris på.



Lars Sæther og Endre Talgø framførte Rotm-viser



Jon Bjarne Husby fekk "Den Gyldne Patron" i år.



Kvennsetgardingar ved grytene. Utsøkt hjortsteik på menyen!

Kva er Godt mot, Todalen?

Kort oppsummert er Godt mot, Todalen eit bygdemobiliseringsprosjektet som har fått stønad på inntil kr 300.000.- frå Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke. Pengar skal gå til marknadsføring av bygda, næringsutvikling, kompetanseheving, auka busetjing, og endå betre samarbeid og trivsel i bygda, og ikkje til "spikar og gravemaskiner". Satsinga på bygdemobilisering er ein del av hoppid.no sitt arbeid med småsamfunn. Det er satt ned ei styringsgruppe bestående av medlemmar av Todalen bonde- lag og Plan- og tiltaksutvalet for Todalen.

Det er ikkje styringsgruppa som bestemmer kva pengane skal gå til, men bygda! Difor er det viktig at så mange som mogleg

blir med og seier si mening.

Styringsgruppa har difor laga til ei **Lystliste** der ein kan melde seg på følgende grupper: 1. bustader, 2. Trivsels/samhald/møteplassar, 3. Synleggjering og identitet, 4. Kurs, kunnskap og kompetanseheving 5. studietur. Måndag 24. november var gruppene samla til eit fellesmøte der vidare framdrift var diskutert. Det var eit svært vellykka møte med gode idear og tankar som nok vil settast ut i livet neste år. Det blir eit nytt felles bygdemøte i januar, der det blir orientert meir om prosjektet.

Lyst til å bli med? Send ein e-post til: godtmot@todalen.net Vi vil også svært gjerne ha innspel frå dei som ikkje bur i bygda!



Det var over hundre til bords på hjortfesta. Som seg hör og bør, fekk gjestane servert hjortsteik til middag. Kvennset jaktlag var vertskap på festa.

www.todalenil.net

Vi har hatt mykje besøk på heimesida vår gjennom året. Spesielt i samband med slektsstemnet var det mange som var innom sida for å følge med på det som gikk føre seg.

Både før jul og i romjula vil vi legge ut aktuell info om det som skal gå føre seg i juletida. Så følg med!

Samtidig vil vi nytte høvet til å ønske alle lesarar

God jul og Godt nyttår!

Helsing Redaksjonen



Jubileumsposten

Redaksjonen



Redaktør Jon Olav Ørsal tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

Nettredaktør Guro Redalen tlf 452 54 850

e-post: guro_r@hotmail.com

Returadresse:

Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen

Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag

Er adressa feil? Gi oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det berre å ta kontakt med oss. Enten pr e-post til redaksjonen, eller du kan sende oss eit brev eller kort med di rette postadresse.

Distribusjon av Jubileumsposten

Jubileumsposten blir lagt i alle postkassar i Todalen og på Nordvik. I tillegg blir den sendt i posten til alle utflytta todalingar vi har klart å finna adressa til. Veit du om nokon andre som gjerne vil ha Jubileumsposten, så er det berre å ta kontakt, så sender vi.

Julegåvetips i fleng



Halsesamlinga har laga CD og to variantar kort som dei sel.

"Kattastrof" frå Halsesamlinga. CD'n inneheld både dikt, song og musikk av Leif Halse, som blir framført av Alf Ramsøy, Tone S. Døving og Todalskoret.

Prisen for CD'n er kr 150 og den er i salg hos ICA Todalen eller kan bestillast pr e-post til nils-ove.bruset@svorka.net



Todalen historielag har også kome med sitt årsskrift for 2008.

Her er det mykje variert stoff, både gammalt og nytt, som nok dei aller fleste vil finna interessant.

Årsskriftet kostar kr 100, og er til salgs på ICA Todalen, eller kan bestillast hos Wenche Kvendset på e-post: wenche.kvendset@svorka.net eller på telefon 911 75 335.

Feira sesongslutt

Det ble rene målfesta da samarbeidslaget Søya/Todalen og Eidsvåg FK møttes til "superfinale" på Bordholmen laurdag 18. oktober. Heimelaget Todalen/Søya sikra seg ein overlegen seier med heile 7-1 i kampen mot Eidsvåg.

Søya/Todalen ble serievinnar i G-14 på Nordmøre, og Eidsvåg vinnar av Romsdalsserien. Det vart ein fin fotballkamp med stor innsats frå begge laga, og det var god underhaldning for publikum.

Etterpå var det "bankett" i Todalen ungdomshus, der det var pizza og brus til alle deltakarar og ledarane. Som seg hør og bør ved sesong-avslutning, var det også utmerkingar både til spelarar, manager og trenar. Heder var det også til toppscorar Marcus Lundquist (23 mål) og til "Årets spiller" Erik Vådahl. Vådahl var valt av spelarane sjølve.

Ledar i Todalen IL, Terje Talgø runda av seansen i Ungdomshuset og takka for innsatsen og rosa spelarane og ledarane for fin innsats gjennom sesongen.



G-14 laget til Søya/Todalen fotografert på Bordholmen før kampen, sammen med trenar Vegard Moen og manager Terje Nordvik. Bildet ligg også på nettsida vår: www.todalenil.net

Våre sponsorer:

Generalsponsorer:



Hovedsponsor:



Samarbeidspartnere:



En takk til våre generalsponsorer, hovedsponsor og samarbeidspartnere for god støtte. Deres økonomiske bidrag har vært med å gjøre jubileumssatsinga mulig.